

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7

Fylke: Møre og Romsdal

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Dalsfjord

Emne: Skav

Bygdelag:

Oppskr. av: Sverre Lyngnes

Krets: Steinsvik

(adresse): Steinsvik på S.

Gard:

G.nr. Br.nr.

- A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eiga røynsle og slikt som er fortalt
- B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

- 1/ Noko visst samnamn har ein ikkje. I bruk er både hjelpefor, naudfor, raskefor og attåtfor.
- 2/ Attåtforet som er nytta her er SKAV (bork) og BEIT (kvister av tre og lyng). Samnamn kjennest ikkje.
- 3/ Å skave - skava(r) - skava - skava. - Om bruken av ~~ordet~~ kan ordet kan ein elles melda at det stundom vert bruka i ei heilt onnor tyding. Når t.d. borna om hausten et mykje bær og frukt seier ein at "dei et så mykje skav at dei misser mathugen. Sameleis et det i jula så mykje "skav at det går på helsa laust". Her meint juleknask.
- 4/ Skav ( bork av rogn) har vore mykje nytta som attåtfor. Ein reknar det både som naudhjelp og som eit drivande kraftfor. Det er nytta berre til bukrøter, serleg til mjølkekyr. I seinare tid har det vorte mindre med bruken noko som helst kjem av lita hjelp til å skaffe det til veges. Berre der det er gamle menn som lite duger til anna " smider bork".
- 5/ Rogn er det mest nytta treslaget, tildels alm som her er lite av og som vert bruka berre når ein elles steller med treslaget og har det for handa.
- 6/ Ukjent her.
- 7/ Berre bukrøter - og då for seg sjølv. Orebork er ikkje brukt.
- 9/ Ein rekna med, og meinte ha prov på, at rogneborken var kraftfor som gav både meir og feitare mjølk. Hegg kunne setja smak på mjølka og vart difor ikkje nytta.



10/Til vanleg fer ein eins ærend etter skav.No høver det slik at rognen som vert nytta veks serleg i nærleiken av husa, helst på bømarka, og vert teken der. Ein feller helst ikkje rogn utan han skal nyttast til skav - utan slik som veks ulagleg til.

Hesved av ore berkjer (eller smider) ein alltid men brukar ikkje borken til krøtersmat - ikkje anna heller.

11/ Ein har ikkje noko serleg nemning for å henta skav.

12/ Heller ikkje på sjølve veden er serskildt namn.

13/ Ordet marka som verb er ukjent her.

14/ Ved til å smida hentar ein på etterjulsvinteren og då mykjegodt etter kvart ein smider. Det er ikkje halde foor ufyse arbeid, heller for arbeid ein tek seg til når ikkje anna ligg føre - dersom det ikkje er lodaløyse som driv.

15/ Å smide bork - eller å lage skav - var helst kveldsetarbeid som ein gjorde inne i stova eller kjøkenet.

Men då berre grannare greiner ein hogg i høvelege lengder. Tjukk ved smidde ein ute - eller på låven.

16/ Til tunnare greiner bruka ein tollekniv. Tjukkare og lenger kjeppar bruka ein bandekniv på. Bandekniven har handtak i begge endar. Ljåspiker (utslegne ljå) har stundom vore bruka i.stf. bandekniv, men då alltid rekna berre som "naudverje" d.e. ei dårleg "erstatning".

17/ Framgangsmåten er omlag den same når ein smider bork som når ein smider hesved. ( I røynda er det "å smida bork" begge deler, men bork har her tyding av skav - noko som er nyttande.) Tollekniv og bandekniv er arbeidsbeina. Hesved - og større stokkar det skal smidast bork(skav) av legg ein i sagkrakken som her heiter sagestol. Kjeppane ein smider inne - som er hogde i ca 30 cm lengde nyttar ein til brenneved. - Skavekrakk er ukjend. Ein kan likevel nemne at ein har ei liknande gogn til å smida tunneband i.

18/ Ukjendt her. Ordet skavhæl likeeins. Men ein har SKAVL og SKAVLØKS som er bruka til utholningsarbeid.

19/ Når ein smider større kjeppar med bandekniv er det best å sitja omskrevs på kjeppen og bruka begge hendene.



3.

20/ Om avberkt ved kjenner vi berre ordet "borka-løypingar". Men med det er meint større kjeppar, helst av bjørk, som er teke borken av om sommaren og som har lege ei tid.

21/ Borken kallar ein skav når han skal brukast til krøtermat - elles berre bork. I ordet skav ligg ei tyding av at det må vera mat.

22/ Også større stokkar tek ein skav av, men det er ikkje rekna så "fint" som av tunnare greiner.

23/ Sjå under 20.

24/ Skavet må vera friskt - ikkje trenå eller altfor grovt. Er det "korpenever" på stokken må den ikkje fylgja med, ved heller ikkje.

25/ Ved som er smidd reknast for noko betre enn annan. Ofte vert han bruka til baksteved.

26/ Svare på under 4.